

TEMA: Skulen ①145, Tettstedene ①110  
KART: ④446

# Vassel

## INDUSTRISTADEN BJØRSVIK

BJØRSVIK i Osterfjorden er ein industri-  
stad som har vakse fram kring ei einskild  
verksemd på 1800-talet. Frå skriffilege  
kjelder veit vi at det i 1673 var ei opp-  
gangssag i elva som renn mellom gardane  
Bjørsvik og Skår. Det var sagbruk i drift  
her heilt fram til 1870-åra.

Vasskraft, god hamn og kort avstand  
til Bergen gjorde sitt til at bergenskjöp-  
menn alt i 1850-åra fekk sett opp ei  
leigemølle her. I 1861 kjøpte FREDRIK  
LUDVIG KONOW vassrettane og sette  
opp tre ulike møller, men det var først  
med CHRISTIAN IRGENS, som kjøpte  
møllebruket i 1879, at Bjørsvik vart ei  
moderne handelsmølle. Den nye rugmølla  
stod ferdig i 1884, med stålvalsar som av-  
løyste dei gamle kvernsteinane, og trans-  
portband for kornet.

Mot slutten av 1800-talet var Bjørsvik  
ein industristad med krambu, bakeri og  
arbeidarbustader. I 1900 vart verksemda  
utvida med ei ny, stor mølle. Denne byg-  
ningen, som framleis er intakt utvendig,  
er 22 meter høg over 6 etasjar – truleg  
ein av dei høgaste trebygningane i Nord-  
Europa. Hermetikkfabrikken, som overtok  
etter at mølledrifta vart innstilt i 1939,  
vart nedlagd mot slutten av 1980-talet.

**Det vesle, kvitmåla skulehuset på VASSEL er ein smålåten, men verdig representant for skulen i bygdesamfunnet – ein kunnskapsinstitusjon og ein folkeopplysar av rang. Mange av dei små grendeskulane er rasjonaliserte bort; Vassel er teken godt vare på, og den 7. desember 1976 vart Lindås skulemuseum opna.**



Skulestova på Vassel frå 1886.



Vassel skule vart bygd i 1886 og var i bruk fram til 1961. Over 100 gjenstandar er samla i dette vesle skulehuset, som gjev eit nærbilete av skulestova og læraren sin sentrale plass som folkeopplysar og oppdragar. Den eldste skulen var ein omgangsskule; undervisninga gjekk føre seg heime i stovene hjå folk. Lindås byrja å byggja egne skulehus i 1860-70 åra. Den første skulelova kom i 1739, og i 1750 fekk ein såkalla skulefundasar for det einskilde prestegjeld.

Desse vart utarbeidde av amtmannen og prosten, etter samråd med lensmannen, futen og fire av dei beste menn i kvar bygd. Lindås prestegjeld var mellom dei første som fekk utarbeidd ein skulefundas, i 1748. Dette dokumentet gjeld lærarløn (til høgere). □

Dei store steinløene i Hodnesdal er imponerende byggverk.

1. ALLE GAARDBRUGENDE MEND I DET GANDSKE PRÆSTEGJELD 10 SKILLING
2. ALLE HUSMEND, MED STOR ELLER LIDEN PLADS 6 SKILLING
3. ALLE DRÆNGE SOM HAVE VÆRET TIL GUDS BORD 4 SKILLING
4. ALLE PIGER OVER FEMTEN AAR 4 SKILLING
5. GASTGIVEREN UDI BRUDEKNAPPEN AARLIGEN 4 MARK
6. GASTGIVEREN UDI KIILSTRØMMEN AARLIGEN 1 RIKSDALER
7. ALLE PENGE I 2 TERMIN, NEMLIGEN HVER PAASCHE OG HVER MICHELSMESSEDAG ...»



Husmannsplassen Viki.